

## PROTOKOLL FRÅ IDRETTSKRETSSTYREMØTE 02/25

Styremøtet 02/25 blei gjennomført tirsdag 15.01 25 på Teams. Møtet starta kl 21:00 og vart avslutta 21.25

Namn	Tilstades	Forfall	Merknad
Nils R. Sandal, styreleiar	x		
Tone Stavland, nestleiar	x		
Jan-Erik Weinbach, styremedlem		x	
Anne-Grethe Naustdal, styremedlem	x		
Jeanette Heggen, styremedlem	x		
Heidi Hatlen, styremedlem	x		
Magnus H. Hartwig, styremedlem		x	
Natalia Golis, varamedlem		x	
Lasse Lerum, varamedlem		x	
Randi Marie Farnes, organisasjonssjef		x	

Sakliste:

Kun ei oppfølgingssak til behandling:

Sak 05/25 Rapport «God styring i idretten: verdibasert og målrettet».

**Sak 05/25: Rapport «God styring i idretten: verdibasert og målrettet»**

Saksunderlag: [Rapport "God styring i idretten: Verdibasert og målrettet"](#)

Kommentarar:

Styret diskuterte rapporten på styremøtet 01/25 den 4. januar 2025 og vart semje om utkast til innspel frå Vestland idrettskrets. Dette vart tatt med til IKSU møtet 15. januar der "Godt styresett" vart diskutert på tvers av dei 12 kretsane i landet. I etterkant av IKSU møtet konkluderte

Vestland idrettskrets med å sende inn sine opprinnelege innspel der følgande punkt vert løfta fram som spesielt viktige.

*Vestland idrettskrets syns det er gjort eit godt og grundig arbeid med rapporten. Vi skal nå eit mål og vi har ein visjon, som medlemmane er nøgd med. Då må vi organisere oss for å kunne levere på dette.*

*Punkta under er dei Vestland idrettskrets vil spele inn som ekstra viktige:*

- Viktig med tydelege og avklarte roller og god rolleforståing i organisasjonen. Støttar at idrettsstyret sørger for at styrets medlemmer har eit tydeleg og avklart forhold til arbeidsdelinga mellom styret og generalsekretæren/administrasjonen, og sørger for at dette er godt kjent for generalsekretæren/administrasjonen*
- Støttar reduksjon av antal medlemmer i styret og trur det vil gje eit meir rasjonelt og effektivt styre.*
- Vurdering av samansetninga av styremedlemmer ved reduksjon blir viktig. Støttar å gå frå to visepresidentar til ein, og gå frå to ungdomsrepresentantar til minst ein.*
- Støttar at fireårig tingperiode gjenetablerast, og at styremedlemmane vert valde for fire år.*
- Støttar at idrettspresidentvervet må vere 100% frikjøpt, og det må vere rom for at visepresident også er frikjøpt i ein mindre stillingsprosent.*
- Støttar at ein endrar titlar frå president til styreleiar, visepresident til nestleiar og frå generalsekretær til dagleg leiar, men behalde dei internasjonale titlane.*
- Stiller oss undrande til at idrettsstyret gjennomfører ei vurdering av modellen med arbeidsgjevaransvar for de som har sitt arbeidsstad i idrettskretsen - kva er det som ikkje fungerer i dag?*
- VIK vil også spele inn eit eige punkt om tenke meir heilskapleg på det politiske arbeidet. VIK foreslår at idrettsstyret samhandlar og samarbeider tett med styrer i idrettskretsar for å styrke det nasjonale arbeidet. Då får ein meir heilskapleg organisasjon som jobbar saman.*

---

Vedtak: **Styret vedtek Vestland idrettskrets sitt høyringsinnspel til rapporten "God styring i idretten: Verdibasert og målrettet" og administrasjonen kan sende inn høyringssinnspelet til NIF.**

---

Randi Marie Berntsen Farnes  
Organisasjonssjef